


Home-Start Familiekontakten – Eit frivillig og førebyggande tilbod til familiar

Home-Start Familiekontakten (HSF) er eit frivillig tilbod til småbarnsfamiliar med minst eitt born under skulealder. Familiekontakten gjev tilbod om støtte og rettleiing til familiar som sjølv ønsker det. Hjelpa blir ytt av frivillige familiekontaktar. Familiekontakten kjem på besøk ein gang i veka i ein periode på omlag 6 månader, 2 - 4 timer kvar gong.

For å vere familiekontakt må ha ein ha erfaring som forelder eller erfaring frå arbeid med barn. Familiekontaktane må gjennomføre eit førebuingskurs på 24 timer, levere politiattest og skrive under på erklæring om teieplikt.

Home-Start er etablert i 22 land. I Noreg er det 35 avdelingar fordelt ut over heile landet. Home - Start Familiekontakten Førde er den første avdelinga i Sogn og Fjordane. Førde kyrkjelege fellesråd har driftsansvaret, men etableringa skjer i tett samarbeid med både Førde Kommune og Helse Førde HF.



Alle HSF - Avdelingar må ha ein lønna koordinator med helse- og sosialfagleg bakgrunn. Koordinator har ei sentral rolle i høve rekruttering, kursing og rettleiing av familiekontaktane. Vedkommande er og bindeleddet mellom familien og familiekontakten. Inger Cesilie Fitje er koordinator i Home- Start Familiekontakten Førde, og har dette som ein del av stillinga si som diakon/frivilligkoordinator ved Førde kyrkjekontor.

Kvar avdeling skal og ha ei ressursgruppe. I Førde har denne slik samansetnad: Magni Håvardstun (leiar), Kristine Ørstavik, Hildegunn Knapstad Fauske, Kari Valle, Einar Solheim, Jenny Snildal og Inger Cesilie Fitje. I november starta ein kurs for familiekontaktar. Kurset blir avslutta 30.01.18. Då blir det offisiell opning av HSF Førde.

Barn som pårørande - Felles fagdag onsdag 28. februar

Kommune Naustdal, Jølster, Førde og Gauldalen arrangerar saman med Helse Førde HF fagdag knytt til barn som pårørande ved Thon hotel på Skei i Jølster. Aktuelle målgrupper kan vere:



- *Tilsette i kommunane som kjem i kontakt med barn som pårørande og deira familiar til dømes på fastlegekontoret, innan psykiatritenesta, rusomsorga, helsestasjonen, barnehagar, skular eller i barnevernstenestenesta.*
- *Brukar og interesseorganisasjonar.*
- *Tannhelsetenesta.*
- *Barneansvarlege og anna helsepersonell i Helse Førde HF.*

Programmet fokuserer mellom anna på kommunikasjon, ser på korleis tværfagleg samhandling kan vere nøkkelen til meir målretta innsats, og freistar å kaste lys over potensielle utfordringar i samhandlinga mellom spesialisthelsetenesta og kommunane.

Ein likeperson delar sine erfaringar . . .



No har Helse Førde HF sin nye [smertepoliklinikk](#) halde opent sidan midten av mai 2017. Henvisningane strøymer på, og vi får stadig positive tilbakemeldingar. Ein av dimensjonane brukarane kommenterer er valet helseføretaket har gjort ved å tilsette ein likeperson som del av det tverrprofesjonelle teamet. Likepersonen vår (meg, Christina Stæger-Breisnes) er, forutan å vere «smertepasient» også sosionom og familieterapeut. Eg ser stadig at erfaringa mi med å leve med kroniske smerter er mitt viktigaste bidrag. Uttalar som «*ein merkar jo det at du ikkje berre har lest det i ei bok*», «*å snakke med nokon som virkelig forstår kva eg snakker om er godt*», «*når jeg ser deg her så får eg håpet tilbake*», og «*om råda dine har hjelpt for deg, så er det jo verdt å prøve det*». Dette meiningsinnhaldet kjem i ulike «fasongar» frå brukarane.

For meg som likeperson, er det flott å kunne hjelpe andre i liknande livssituasjonar som min egen. Eg lærer stadig noko nytt både frå både dei som kjem til oss, og medarbeidarane mine. Eg opplever at teamet vårt er genuint interessert i den einskilde si historie. Vi fokuserer heile tida på intensjonane i pasientens helsetjeneste, og har fokus på å prøve å finne gode løysningar for å betre livskvaliteten til «den det gjeld» og hans/hennar nærpersonear.

Eg kjenner meg heldig, tross alt. Gjennom jobben får eg energi til å stå på endå ein dag. Arbeidet er ikkje er det viktigste i livet, men det er godt å kunne bruke negative opplevingar til å kunne freiste å hjelpe andre. Ein likeperson som medlem i teamet kan ha overføringsverdi til andre kroniske lidingar. Eg deler gjerne av mine erfaringar.

«Mestring når livet utfordrar»

Sist november arrangerte [Nettverk for læring og mestring i Helse Vest](#) si årlege fagsamling. Det overordna temaet var «*Mestring når livet utfordrar*». Denne gongen hadde ein særskilt fokus på pårørande. Vel åtti deltakarar frå heile region vest var samla til fagleg påfyll, inspirasjon, erfaringsutveksling og sosialt samvær. Du kan sjå presentasjonane, og lese om [arrangementet](#) på verdsveven.

Nettverket har starta planlegginga av fagsamling til våren der temaet blir «*Korleis kan ein fåla plagene som sjukdommen gir, og samstundes ta vare på livet ?*». Eit aktuelt fokus for alle som møter menneske med langvarige helseutfordringar, både i spesialisthelsetenesta og kommunar.

Ein tar mål av seg å arrangere ei dagssamling i Bergen (25. mai) med videooverføring til Førde, og ei dagssamling i Stavanger (1. juni) med videooverføring til Haugesund (same innhald i begge samlingane). Meir informasjon om programmet kjem seinare.

Spanande stilling ledig som interkommunal samhandlingskoordinator

Kommunane i Sogn og Fjordane har gått saman om å opprette [100 % fast stilling som interkommunal samhandlingskoordinator](#) på helse-, velferds- og omsorgsområdet.

Funksjonen som samhandlingskoordinator vil vere kommunane i fylket sin felles ressurs i høve Helse Førde HF når det gjeld samhandling, forhandlingar og inngåing av avtalar på systemnivå. Stillinga er no lyst ledig. Søknadsfristen er søndag 28. januar.

